



NVE Konsesjon og tilsynsavdeling
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

DERES REF:
Heidi Kannick

DERES DATO:

ARKIVKODE:

VÅR REF:
David Inge Tveito

STED:
Voss

DATO:
22.08.2013

Kommentarar til høyringsuttalar i samband med konsesjonssøknad for Vambheim kraftverk i Ulvik herad i Hordaland.

Me viser til e-post av 4. april 2013 med melding om 5 høyringsuttalar til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk, og til synfaring den 25.juni 2013.

Alle høyringsuttalane er kommentert av utbyggjar. Me håpar at våre kommentarar er tilstrekkeleg underlag for NVE si slutthandsaming av konsesjonssøknaden.

Med venleg helsing
For HardangerAlliansen

David Inge Tveito
Dagleg leiar
KraftKarane AS

Harald Sandvik
Dagleg leiar
Hardanger Energi AS

Innhald

Kommentar til høyringsuttalane frå:

1. Ulvik herad
2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
3. Hordalnad fylkeskommune
4. Fylkesmannen i Hordaland
5. Naturvernforbundet i Hordaland
6. BKK-Nett

NVE sendte søknaden for Vambheim kraftverk i Ulvik herad ut på offentlig høyring og det er no komen inn merknad frå 6 høyringsinstansar.

Hardanger Alliansen tar i dette skriv opp dei moment som er kome fram ang. Vambheimselva og Vambheim kraftverk.

1. Ulvik herad(UH) datert 18.02.13.

UH har gitt ein uttale som er svært fylldig med ein rekke krav for å gje konsesjon. UH er i utgangspunktet positive til søknaden, og peikar på at utbygginga ikkje vil få negative konsekvensar for landskapsbiletet i Ulvik. Det vert likevel ført opp 12 pkt. som enten er krav eller merknader til søknaden.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar kommenterar punkt for punkt i UH si lista som vart vedteken i heradstyret 13.2.2013.

1. UH ber om at det vert stilt krav til utbyggjar om elvesikring, drenering og handtering av overvatn frå inntak og heilt ned til fjorden.
Dette synes utbyggjar er urimelege krav, utbyggjar skal i samband med evt. gjennomføring av tiltak ta omsyn til desse krav på strekninga som vert råka av røyrkata.
2. Dette punktet gjeld Vambheim vassverk, det vert stilt krav om dokumentasjon av vasskvaliteten før, under og etter utbygning, og oppfylging av vassprøvar årleg etter utbygning.
Utbyggjar kan ikkje sjå at tiltaket kan ha noko å seia for kvaliteten av "rå-vatnet" til Vambheim vassverk. Under utbygginga vil det verta teke omsyn til evt. forureining av "rå-vatnet" gjennom midlertidig forsyning til vassverket med inntak ovanfor influensområdet for utbygginga. Drift av vassverket etter utbygging er og ei privatsak for abonnentane i vassverket. Utbyggjar vil ta kontakt med brukarane før utbygginga startar og planlegga gode løysingar.
3. Her stiller UH krav om reg.plan for området.
Det er ikkje vanleg at det vert utarbeid reg.plan for vasskraftsanlegg. At UH har aktivitet i området er ikkje grunn for at tiltaket skal utarbeide slik plan etter utbyggjar sitt syn. At grunneigarane i området har fleire leigeavtalar med andre aktørar kan vel heller ikkje vera grunnlag for reg.plan. Dersom UH ynskjer å utarbeide reg.plan for området er det heilt OK at evt. tiltak som kjem av kraftverksutbygginga vert tekne med i ein slik plan.
4. UH krev at kartgrunnlaget i området vert oppdatert andsynes vegar og stiar.
Dersom NVE finn det naudsynt kan utbyggjar teikna inn eksisterande og framtidige vegar og stiar på kartgrunnlaget for detaljplan.
5. UH krev at mellombels anleggsveg vert fjerna etter anleggsperioden.
Det er i søknaden vist til at det i området for røyrkata går ein traktor-/skogsveg som vert nytta under utbygginga og som tilkomstveg til inntaket i ettertid. Den eksisterande traktor/skogsvegen vil etter anleggsperioden få same bruk som den har i dag. Utbyggjar vurderer og om det kan nyttast Coandainntak for prosjektet, dersom dette vert nytta vil behovet for bruk av traktor/skogsvegen vera monaleg mindre enn med omsøkte inntakstype, samstundes som inngrepet ved inntaket vert mindre.
6. UH peikar på at det har vore eigarskifte på ein av eigedommane som er med i utbygginga. Dette vert retta opp under skiping av selskap og har ikkje noko å seie for søknaden. Noverande eigar er kjend med konsesjonssøknaden som er sendt for utbygging av Vambheimselva.

7. UH peikar på at det er tvil om kor langt opp sjøauren går i elva, og at dette må avklarast før konsesjon vert gitt.
Utbyggjar har gjennom utgreingar i søknaden gjort undersøkingar både lokalt og hjå Fylkesmannen i Hordaland rundt dette problemet og har ikkje fått opplysningar som kan tyde på at sjøauren går lenger opp enn til fossen nedanfor plassering av stasjonen. Det vil etter utbyggjar sitt syn derfor ikkje vera mogeleg å få fram meir og betre kunnskap om sjøaren enn det som ligg i utgreingane i søknaden.
8. UH ber om at fauna og flora i dei vanskelegast tilgjengelege partia av elva skal undersøkjast før det vert gitt konsesjon.
NVE må vurdere om det er godt nok eller om det må gjerast fleire undersøkingar enn det som er gjort i biologisk rapport som ligg ved søknaden.
9. UH ber om at minstevassføringa vert basert på miljøfaglege vurderingar.
Utbyggjar har tillit til at NVE som fagetat set minstevassføringa etter dei normer som er naudsynt.
10. Her krev UH at det skal stillast krav om avbøtande tiltak i høve anadrom fisk i elva. Det vert stilt krav om etablering av klekkeri og utlegging av gytegrus, og at inngrep skal skje på ei tid av året det gjer minst skade på småfisk og rogn.
Her stiller UH krav som er langt utover det som er vanleg for småkraftutbygging. Då det er usikkert om kor langt anadrom fisk går i elva finn utbyggjar det urimeleg at det skal etablerast klekkeri og leggjast ut gytegrus ved etablering av eit småkraftverk i elva.
11. UH set krav om at utbygginga skal vurderast i høve samla belastning rundt Ulvik pollen og indre deler av hardangerfjorden, og at utbygde vassdrag og konsesjonssøkte vassdrag må takast med i vurderinga.
Utbyggjar har tillit til at NVE handsamar konsesjonssøknaden etter dei vilkår som er vanlege og viser til at det i områder no er felles handsaming av fleire søknader, men ingen i Ulvik herad.
12. UH krev at mogelegheitene for etablering av genbank/klekkeri for anadrom fisk i området ikkje skal reduserast.
Utbyggjar er ikkje kjend med at det ligg føre planar for slikt tiltak i Vambheimselva, men at det føreligg planar for ein genbank i Tysso, som er ei naboelv til Vambheimselva.
Utbyggjar ser ikkje at ei utbygging i Vambheimselva skal vera til hinder for dette tiltaket i Tyssoelva.

2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane(FYM) datert 15.02.13.

Då fylkesmannen i Hordaland, Lars Sponheim, er falleigar i prosjektet Vambheim kraftverk vart fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppnemnt til setje- fylkesmann av departementet i høve uttale til søknaden.

FYM har gitt fråsegn til høyring av Vambheim kraftverk og rår frå at det vert gitt konsesjon då det er manglar på kunnskap om bekkeløfta som naturtype og potensiale for biologisk mangfald i området er stort. FYM har ikkje vore på synfaring. FYM seier at dersom det likevel vert gitt konsesjon bør minstevassføringa vera større enn omsøkt – t.d. 5 persentil på

325 l/s om sommaren. Frårådinga er gitt med atterhald av ikkje halden synfaring.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar legg merke til at FYM i si vurdering av kunnskapsgrunnlaget og naturmangfaldslova vurderer at konsekvensane av ei evt. utbygging er relativt oversiktlege og tilstrekkeleg opplyst, om enn med nokre manglar. FYM peikar på at føre-var prinsippet vert lagt til grunn i handsaminga av søknaden. Dei undersøkingane som er gjort i området er utført av anerkjende firma som har lang erfaring og er godkjende for slike utreiingar. FYM peikar på at traseen for røyrgata gjev få konflikhtar for naturmiljø og biologisk mangfald då traseen er lagt bort frå elva. Det er råd å tolka uttalen frå FYM at den er gitt med grunnlag av at det ikkje er føreteke synfaring. Det kom ikkje nye argument frå FYM under synfaringa som utbyggjar fekk med seg.

3. Hordaland fylkeskommune(HF) datert 02.04.13.

HF er positive til utbygginga med atterhald om at den vert avklara utan konflikt av potensielle funn av kulturhistorisk art. HF legg inn motsegn til søknaden inntil undersøkingsplikta er oppfylt og gjer derfor ikkje vedtak i saka før dette er gjennomført. Det skal og leggjast fram aksept frå ansvarleg mynde på biologisk mangfald og fisk at utbygginga er akseptabel før løyve vert gitt.

Kommentar frå utbyggjar:

Uttalen frå HF er i samsvar med tidlegare praksis frå fylket, bortsett frå at dei no legg inn motsegn før evt. undersøking er utført i marka. Utbyggjar finn det litt vanskeleg å foreta undersøkingar i marka før søknaden er handsama. I tidlegare saker har undersøkinga funne stad etter at synfaring har vore gjennomført og fylkeskonservatoren i synfaring har peika ut stader som er interessant å undersøkje nærare.

Utbyggjar vil derfor koma attende og ivareta undersøkingsplikta når evt. løyve er gitt og HF evt. har peika ut stader i terrenget som kan vera aktuelle å undersøkje nærare.

4. Naturvernforbundet i Hordaland(NVF) datert 21.02.13.

NVF er negative til utbygginga, og grunnar det med at elva tilhøyrer ei bekekløft av regional verdi. Samt at det er gjort mange funn av raudlista artar både innan fugle- og dyreliv. NVF peikar og på at området er angitt med "stor verdi" i temakartet for "fjordlandskap" i Fylkesdelfplan for småkraftverk i Hordaland, og at det er registrert ei rekke kulturminne langs elva.

NVF viser til søknaden som konsekvensutredingen, dette viser at NVF ikkje er klar over at det er stor forskjell på ein søknad og ein konsekvensutgreiing.

NVF meiner og at BM-rapporten framstår som overflatisk, og at det ikkje er gjort nok andsynes elva som anadrom lakseelv.

NVF nemner fleire plassar i kommentaren sin KraftKarane AS som utbyggjar, dette er feil. Søkjar er HardangerAlliansen på vegne av Vambheim Kraftverk – SUS.

Kommentar frå utbyggjar:

NVF peikar og på at det er stor usikkerheit i estimert årleg produksjon, og stiller spørsmål ved hydrologigrunnlaget for tiltaket. Og er usikker på kraftforsyninga frå kraftverket, då det ikkje har reguleringsmuligheter. Utbyggjar peikar på at dei fleste småkraftverk ikkje har regulering og at regulering i vassdrag som regel fører til større inngrep i natur og terreng.

NVF meiner at BM-rapporten utarbeid av NNI er mangelfull, og viser til rapporten frå Rådgivende Biologer AS (RB) med kartlegging av Vambheimselva som bekkekløft som ein må leggja stor vekt på. Utbyggjar er sikker på at NVE tek omsyn til alle kjende rapportar når dei handsamar søknaden.

NVF og andre høyringspartar har kritiske merknader til Vambheimselva som anadrom lakseelv, og er kritiske til rapporten som er utarbeid for dette. Det vert peika på at RB anser elva som anadrom strekning på 700 meter og ikkje 455 som NNI er kommen fram til i sin rapport. Utbyggjar er kjend med at det er delte meiningar om lengda på strekinga som vert set på som anadrom strekning, men som det går fram av dei ulike rapportane og med lokal kunnskapen som oppsitjarane i området har, er det ikkje registret mange anadrom fiskeslag ovanfor den omsøkte plasseringa til stasjonen.

NVF har ikkje tiltru til rapporten som NNI har utarbeid når det gjeld tilhøvet for fugle- og dyrelivet i området heller. Det vert peika på at det er store manglar i rapporten. Det vert og peika på at aktsomheitsprinsippet ikkje er oppfylt i planprosessen. Utbyggjar er av den meining av søknaden er utarbeid etter dei retningslinjer og føringar som gjaldt på det tidspunkt søknaden vart utarbeid og med tilleggsutgreingar i ettertid som er kravd.

NVF peikar og på støyen som kraftverket vil skapa i landskapet som problematisk. Området er i dag nytta til kommunal verksemd og det er noko trafikk i området av dette, kraftverket vi kunne skape noko støy under drift – spesielt under produksjon under fullt pådrag av turbin. Dette er det moglege å redusera med tekniske tiltak og plassering av utløp.

Elles er det fleire generelle negative merknader til tiltaket, NVF er prinsipielt mot all småkraftsutbygging. I alle prosjekt som utbyggjar har hatt til handsaming er det berre negative uttalelsar frå NVF, sjølv om dei ulike tiltak har vore ulike og med ulike tiltak som kan verking på natur og miljø. Utbyggjar har som eit lokalt utbyggingselskap, og som mål at alle prosjekt skal vera slik utforma at nærmiljøet og naturen ikkje skal øydeleggjast med prosjekta våre. Grunneigarane har same syn på utbygging, elles hadde dei ikkje gått inn i prosjektet slik dei gjer. Dei fleste småkraftverk vil kunne gje inntektstillegg til gardsdrifta, slik at komande generasjonar vil kunne vurdere å føra vidare det arbeidet som eigedomane krev andsynes lokalsamfunnet og kulturlandskapet i bygdene våre.

5. Statens vegvesen Region vest(SV) datert 17.01.13.

SV har ingen merknad til saken.

Kommentar frå utbyggjar:

Ingen kommentar frå utbyggjar..

6. BKK Nett(BKK) datert 26.01.13.

BKK viser til at det p.t. ikkje er ledig kapasitet i linenettet for området. Men at det er søkt om og er gitt løyve slik at det i 2015/16 vil vera kapasitet til å overføra krafta frå Vambheim til sentralnettet.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar er godt kjende med situasjonen i Indre Hordaland, og som BKK gjev uttrykk for vil situasjonen om nokre år betra seg. Dersom det vert gitt konsesjon er det rimeleg å tru at Vambheim ikkje er klar for levering til nett før i 2016/17.